Rådgjevingstenesta for bygningsvern fekk varig fylkeskommunal driftsfinansiering dette år, og er no etablert som ei teneste ut mot private eigarar og kommunar i Telemark. I tillegg til rådgjeving arrangerer tenesta kurs og samlingar for handverkarar, og bistår bygningsvernutdanninga til Fagskolen Innlandet.

Telemarksarkivet fekk ikkje tilsegn til felles IT-arkivar, og slik ikkje styrka basisressursane. Derimot kutta fylket ressursane til feltet med nesten 1/3 del. Det er svært vanskeleg å få fylkeskommunen til å erkjenne ansvar for privatarkivfeltet. Gjennom prosjektmidlar klara ein likevel å oppretthalde aktiviteten, og for vår del var ordning av arkivet etter Vest-Telemark Næringsbygg hovudoppgåva.

Om styrking besøksgrunnlag, salsinntekter og reduksjon av klimaavtrykk sjå andre stader i rapporten.

Korleis verksemda jobbar med klima- og miljøtiltak, inkludert strategiar og resultat (1000)

Vest-Telemark Museum er sertifisert Miljøfyrtårn, og arbeider systematisk med prioriterte tiltak for å redusere vårt klimaavtrykk. Mellom anna vart det dette år investert i el-driven varebil for å få meir av transporten i regi av museet bort frå fossilt.

Særleg prioritert prosjekt var i 2025 prosjektering av betre straumstyring, klimastyring og ventilasjon for anlegga i Eidsborg og Morgedal. Det vart utarbeidd ein energirapport som danner grunnlag for ei tiltakspakke og investeringsplan. Potensialet for straumsparing er heile 167.000 kwh. Ein har søkt Enova og støtteordning for regionale kulturbygg, og planlegg realisering så snart finansiering er klar.

Korleis verksemda har jobba med tiltak som fremjar mangfald og inkludering (1000)

Museet har ei stor kunst- og kulturhistorisk breidde. Og våre formidlings- og opplevingstilbod vert nytta av mange ulike grupper. VTM legg vekt på å vere ein open og inkluderande kulturinstitusjon, og eigen vedteken handlingsplan for likestilling, mangfald og inkludering skal vere med å bidra til dette.

I dei faste utstillingane er minoritetshistorie ein naturleg og relevant del på tema som handverk og skihistorie, med høvesvis taterkultur og samisk kultur. Elles gjekk samarbeidet med vaksenopplæring og arbeidstreningsbedrifter vidare.

Årsmelding 2025 Vest-Telemark Museum

Korleis verksemda har jobba for å auke tilgjengelegheita på tilboda og arenaene sine (1000)

Vest-Telemark Museum hadde i 2022 ein gjennomgang av våre anlegg med tanke på universell utforming og betre tilrettelegging for ulike publikumsgrupper. Denne resulterte i ein tiltaksplan som no mykje er gjennomført.

Tilrettelegging er ikkje alle stader mogeleg utan at det medfører utilbørlege inngrep. Universell utforming er med i planlegging av nye tiltak og tilbod museet utviklar.

Kommentarar til rekneskap og balanse

Vest-Telemark Museum følgjer dei vilkår og krav til økonomiforvaltning, kontroll og rapportering sett av departementet. Årsrekneskap er revidert og viser eit positivt resultat på kr. 2.150.106,-, som vert lagt til eigenkapitalen. Årsresultatet utgjere 7,8 % av samla driftsinntekter. Ein vurderer økonomistyringa som god, og arbeider aktivt for å redusere faste kostnader og auke eigeninntekter. Dei faste offentlege driftstilskotta kjem inn som budsjettert, og utgjorde i 2025 59,2% av samla inntekter mot 66,1% i 2024 og 69,8% i 2023. Av dei offentlege driftstilskotta utgjorde statleg bidrag 52,3 %, medan fylke og kommunar bidrog med høvesvis 25,6 og 22 %. Vinje kommune auka sitt bidrag og har intensjon om å fortsetje ei opptrapping dei komande år. Dette på bakgrunn av vedlikehaldsbehovet på våre einingar.

Samla bruttoforteneste vart forbetra dette år. På mat gjekk bruttoforteneste frå 58,6% til 60,1%, suvenir og bøker frå 44,6% til 46,1%. Det vert arbeidd aktivt for å redusere matsvinn, samt berekraftig innkjøp. Varelager er om lag som tidlegare, og det er ikkje gjort noko større nedskriving av verdi varelager.

Driftsresultatet 2025 var godt over budsjett. Årsaken til dette er samansett. Salsinntektene var nesten 400' over budsjett, varekost under budsjettet og prosjektinntekter 232' over budsjett. Særtleg betydning har likevel personalkostnadane som var 1,7 mill. under budsjett. Årsaken til dette var to langtidssjukemeldingar og lågare pensjonskostnader. Andre driftskostnader kom ut meir om lag som budsjettet. Ein vurderer økonomistyringa som god, og vår drift tilpassa dei økonomiske rammene.

Auka renteinntekter er eit forhold som også påverkar resultatet. Hovuddelen av eigenkapitalen er plassert på kontoar med gode rentevilkår, og dette gav ei ekstraordinær inntekt dette år.

Vest-Telemark Museum har ikkje noko langsiktig gjeld.

Dette år vart også dei to låna som VTM hadde avslutta. Fyrst vart lånet knytt til kjøp av bygning og eigedom Norsk Skieventyr innfridd. Deretter vedtok Tokke kommune å avslutte lånet som vart teke opp i samband med utbygginga i Eidsborg. Dette var deira bidrag til finansiering av nybygget. Lånet var teke opp av VTM, men fullt ut betjent av kommunen.

Likviditet (750)

Likviditeten var tilstrekkeleg gjennom året.

Årsmelding 2025 Vest-Telemark Museum

Eigeninntekter (750)

Budsjettmål for egne salsinntekter var sett til 4075', og resultatet viser 4133'. Særleg var det ei positiv utvikling på billettinntekter og suvenirsal. Dette var eit år der vår drift ikkje var påverka av ytre faktorar som vegstengingar.

Budsjettmål for prosjekt var 5510', medan 5742' vart inntektsført. Denne aktiviteten er høgare enn noko gong, og sikrar viktig utviklingsarbeid for museet. Sal av tenester vart over budsjettmål på 890', med 992' som resultat.

Løns- og pensjonskostnader (750)

Personalkostnadane utgjorde 54,2% av samla resultat, mot 59,7% og 64,1% dei to føregåande år. Bemanninga var noko redusert på kjøkendrift og formidling, og ein nytta også i større grad innleigde eksterne ressursar til prosjekta.

Pensjonskostnadane var lågare dette år på grunn lågare premie til pensjonsforsikring og høgare uttak frå premiefond. Pensjonskostnader var på 1251' eller 8,3% av samla lønskostnader mot 1835' eller 11,3% for 2024. VTM er i gruppa små føretak og kostnadsfører/balansefører ikkje framtidige pensjonsplikter.

Eigenkapital (750)

Eigenkapitalen utgjorde ved årets slutt kr.15.213.515 mot 13.021' i 2024. Eigenkapitalen er med dette 55 % av samla driftsramme. Styret ser framleis rom for å vedtaka finansiering av ferdig prosjekterte tiltak frå eigenkapitalen, sjølv om dei ikkje ligg inne i gjeldande driftsplan/budsjett.

Andre sentrale problemstillingar (750)

Sjølv om det var eit sterkt resultat dette år, er ein uroa for dei vedlikehalds- og investeringsbehov som vil koma dei neste år. Det antikvariske vedlikehaldet er krevjande, og det kjem også store behov for oppgradering av bygningsmasse og fasilitetar for særleg kunstsamlingane. For 2026 har både Vinje kommune og Telemark fylkeskommune trappa opp sine tilskot til museet, og ein har søkt departementet om også å følge opp.

Effektiv ressursutnytting (750)

Planverk, internkontrollsystem og årshjul vart revidert og oppgradert på starten av året.

Det vart gjennomført ein energikartlegging for vår bygningsmasse i Eidsborg og Morgedal, og som resulterte i ein omfattande tiltaksplan. Denne har ei kostnadsramme på 4,3 mill, men har potensiale for å spare oss for 167.000 kwh årleg og samstundes gje oss ei betre klimastyring av våre magasin og utstillingsareal. Vedlikehald og reparasjon av eksisterande anlegg er ikkje svarande. Tiltaka er søkt støtta av Enova og ordning for regionale kulturbygg, og elles finansiert frå eigenkapitalen.



Årsmelding 2025 Vest-Telemark Museum

Forsikringsportefølje vart gjennomgått også dette år. Elles vart dei eksisterande systemverktøy vidareført og utvikla.

Eventuelle andre kommentarar til årsrapporten

Vedlikehald - erklæring frå styret


Styret er takksam for eingongstilskotet på 2 mill som ein fekk for 2024. Det er lenge påpeika det særskilde behovet for styrking av vedlikehaldet, særskild av den omfattande antikvariske bygningsmassa. Det er likevel behov for ei varig driftsmessig lyft på dette feltet, og ein viser til budsjettøkningen for 2027.

Styret erklærer at vedlikehald er prioritert, og det vert gjort godt og viktig arbeid innan dei rammer ein har. Men det vil vere naudsynt med ei vidare ressursmessig styrking om ikkje viktig bygningsarv skal gå tapt.


Eidsborg 25.02.2026




Dag Rørgemoen, direktør




Lars Bjaada




Johannes Skarprud



Arne Vinje



Elin Seltveit



Inger Synnøve Fles Lie



Anne Gundersen



Resultatrekneskap

| | Note | 2025 | 2024 |
|--|------|--------------------------|--------------------------|
| DRIFTSINNTEKTER | | | |
| Tilskot | 6 | 22 102 221 | 21 713 055 |
| Anna driftsinntekt | | 5 534 381 | 5 392 469 |
| Sum driftsinntekter | | <u>27 636 601</u> | <u>27 105 524</u> |
| DRIFTSKOSTNADER | | | |
| Varekostnad | | 1 308 781 | 1 143 474 |
| Lønskostnad | 2 | 14 984 343 | 16 181 620 |
| Avskr. varige dr.midlar | 3 | 550 004 | 401 228 |
| Annan driftskostnad | | 9 116 909 | 8 679 371 |
| Sum driftskostnader | | <u>25 960 036</u> | <u>26 405 692</u> |
| DRIFTSRESULTAT | | <u>1 676 565</u> | <u>699 832</u> |
| FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER: | | | |
| Renteinntekt | | 475 871 | 533 213 |
| Anna finansinntekt | | 217 | 0 |
| Rentekostnad | | 2 311 | 140 325 |
| Annan finanskostnad | | 236 | 813 |
| Resultat av finanspostar | | <u>473 541</u> | <u>392 075</u> |
| ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD | | <u>2 150 106</u> | <u>1 091 907</u> |
| Ordinært resultat | | <u>2 150 106</u> | <u>1 091 907</u> |
| EKSTRAORDINÆRE INNTEKTER OG KOSTNADER | | | |
| ÅRSRESULTAT | | <u>2 150 106</u> | <u>1 091 907</u> |
| OVERFØRINGAR | | | |
| Overført annan egenkapital | 5 | 2 150 106 | 1 091 907 |
| Sum overføringer | | <u>2 150 106</u> | <u>1 091 907</u> |



Balanse


| | Note | 2025 | 2024 |
|---|------|--------------------------|--------------------------|
| EIGEDLAR | | | |
| ANLEGGSMIDLAR | | | |
| Tomter, bygningar og annan fast eigedom | 3 | 3 245 790 | 3 383 860 |
| Driftslausøre, inventar, verktoy, kontormask. ol. | 3 | 2 100 058 | 1 181 475 |
| Sum varige driftsmidlar | | <u>5 345 848</u> | <u>4 565 335</u> |
| Investeringar i aksjar og andelar | 3 | 5 002 | 5 002 |
| Andre langsiktige fordringar | | 264 683 | 232 107 |
| Sum finansielle anleggsmidlar | | <u>269 685</u> | <u>237 109</u> |
| Sum anleggsmidlar | | <u>5 615 533</u> | <u>4 802 444</u> |
| OMLØPSMIDLAR | | | |
| Varer | | 843 194 | 722 567 |
| Sum varer | | <u>843 194</u> | <u>722 567</u> |
| Kundefordringar | | 390 801 | 440 717 |
| Andre fordringar | | 1 031 329 | 1 296 320 |
| Sum fordringar | | <u>1 422 130</u> | <u>1 737 037</u> |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | 12 125 257 | 12 247 377 |
| Sum omløpsmidlar | | <u>14 390 581</u> | <u>14 706 980</u> |
| SUM EIGEDLAR | | <u>20 006 114</u> | <u>19 509 425</u> |





Balanse

| | Nota | 2025 | 2024 |
|----------------------------------|----------|-------------------|-------------------|
| EIGENKAPITAL OG GJELD | | | |
| EIGENKAPITAL | | | |
| Selskapskapital | 4,5 | 212 000 | 212 000 |
| Sum innskoten egenkapital | | 212 000 | 212 000 |
| Annan egenkapital | 5 | 15 001 515 | 12 809 489 |
| Sum opptent egenkapital | | 15 001 515 | 12 809 489 |
| Sum egenkapital | 5 | 15 213 515 | 13 021 489 |
| GJELD | | | |
| Leverandørgjeld | | 486 740 | 1 055 031 |
| Skuldige offentlige avgifter | | 753 957 | 819 232 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 3 551 902 | 4 613 673 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 4 792 599 | 6 487 936 |
| Sum gjeld | | 4 792 599 | 6 487 936 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | | 20 006 114 | 19 509 425 |

Eidsborg, 25.02.2026
Styret for Stiftinga Vest-Telemark Museum



Lars Bjaadal
Styremedlem



Elin Selveit
Styremedlem


Arne Vinje
Styremedlem


Johannes Skarprud
Styremedlem


Inger Synnøve Fles Lie
Styremedlem


Anne Gundersen
Styremedlem


Dag Korgemoen
Dagleg leder

Stiftinga Vest-Telemark Museum



STIFTINGA VEST - TELEMARK MUSEUM

Org. Nr. 985 231 931

NOTER TIL ÅRSREKNESKAPET FOR 2025

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak. Selskapet har ikkje foreteke endring i rekneskapsprinsipp i rekneskapsåret.

Driftsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert levert.

Klassifisering

Eigendelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel.

Øvrige eigendelar er klassifisert som omløpsmiddel.

Gjeld som forfell seinare enn eit år etter balansedagen er oppført som langsiktig gjeld.

Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er uansett klassifisert som omløpsmidlar.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffelseskost, men nedskrivast til verkeleg verdi når verdifallet er forventa å ikkje vera forbigåande.

Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi, og nedskrive ved varig verdifall.

Finansielle anleggsmidlar

Finansielle anleggsmidlar vert ført til anskaffelseskost og nedskrive til verkeleg verdi ved varig verdifall.

Fordringar

Kortsiktige fordringar vert ført opp i balansen til pålydande etter frådrag for forventa tap.

Varelager

Eigentilverka varer vert ført opp til variabel tilvirkningskost.

Råvarer og innkjøpte varer for videresal, vert ført opp til lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Finansielle omløpsmidlar

Ved tilordning av anskaffelseskost er nytta FIFO - metoden. Ved verdsetjing er nytta lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Gjeld

Gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Note 1 - Arten av verksemda og kvar den vert driven

Stiftinga Vest-Telemark museum si verksemd er å drive kulturhistorisk museum og vere eit konsolidert museum for Vest-Telemark. Stiftinga held til i Eidsborg i Tokke kommune.



Note 2 - Lønnskostnader

Lønnskostnaden for to siste år består av fylgjande.

| | 2025 | 2024 |
|--------------------------------|-------------------|-------------------|
| Lønningar | 12 003 666 | 12 420 408 |
| Arbeidsgjevaravgift | 1 449 033 | 1 478 107 |
| Pensjonskostnader | 1 250 999 | 1 834 646 |
| Andre lønnskostnader | 239 845 | 212 045 |
| Innleigd arbeidskraft | 40 800 | 236 414 |
| Sum lønnskostnader | 14 984 343 | 16 181 620 |
| Gjennomsnittleg antall årsverk | 20 | 20,5 |

Pensjon

Framtidige pensjonsforpliktelsar og premiefond er ikkje ført opp i balansen, dette er i samsvar med rekneskapsreglane for små foretak. I 2025 er det brukt kr 524 557 av premiefond i KLP til innbetaling av pensjonskostnad.

Note 3 - Varige driftsmidlar

| | Maskin/ inventar | Bygg, lager, inv. og utstilling Eidsborg | Kanal- parken | Bygg NSE | Bygg Øyfjell | Tomt Eidsborg |
|-----------------------------------|---------------------|---|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Anskaffelseskost 01.01. | 1 830 801 | 63 952 449 | 5 943 579 | 1 846 548 | 2 624 495 | 71 485 |
| Årets tilgang | 637 680 | - | - | - | - | - |
| Årets avgang til anskaffelseskost | - | - | - | - | - | - |
| Anskaffelseskost 31.12. | 2 468 481 | 63 952 449 | 5 943 579 | 1 846 548 | 2 624 495 | 71 485 |
| Akkumulerte av-/nedskr. 31.12. | 1 837 872 | 377 678 | 972 579 | 528 948 | - | - |
| Motatt tilskott | - | 61 776 604 | 4 971 000 | - | 2 624 495 | - |
| Bokført verdi pr 31.12. | 630 609 | 1 798 167 | - | 1 317 600 | - | 71 485 |
| Årets avskrivning | 162 246 | 82 610 | - | 36 900 | - | - |
| Årets nedskrivningar | | | | | | |
| Årets avskrivning i % | 20 % | 3-4% | 14 % | 2 % | | |
| Økonomisk levetid | 5 år | | 7 år | 50 år | | |
| Avskrivningsplan | Linær | Linær | Linær | Linær | | |

| | Vass- drags modell | Lade- stasjon | Lysanlegg Eidsborg | Brannvarsl. anlegg Øyfjell/Kv.eid | Kino og simulator Morgedal | Sum |
|-----------------------------------|--------------------------|------------------|-----------------------|---|----------------------------------|-------------------|
| Anskaffelseskost 01.01. | 1 163 647 | 218 011 | 2 556 511 | 113 716 | 216 859 | 80 538 101 |
| Årets tilgang | - | - | - | 204 839 | 691 997 | 1 534 516 |
| Årets avgang til anskaffelseskost | - | - | - | - | - | - |
| Anskaffelseskost 31.12. | 1 163 647 | 218 011 | 2 556 511 | 318 555 | 908 856 | 82 072 617 |
| Akkumulerte av-/nedskr. 31.12. | | 49 754 | 294 362 | 16 275 | 126 056 | 4 203 524 |
| Motatt tilskott | 1 163 647 | 140 000 | 1 575 500 | 272 000 | - | 72 523 246 |
| Bokført verdi pr 31.12. | - | 28 257 | 686 649 | 30 280 | 782 800 | 5 345 847 |
| Årets avskrivning | - | 11 701 | 147 151 | 7 699 | 101 697 | 550 004 |
| Årets nedskrivningar | | | | - | | - |
| Årets avskrivning i % | | 15 % | 15 % | 15 % | 15 % | - |
| Økonomisk levetid | | 7 år | 7 år | 7 år | 7 år | - |
| Avskrivningsplan | | | | | | - |



Aksjar/ lutkapital

Finansielle anleggsmidler

| | Antal | Kostpris | Bokført | Eigarandel i % |
|--------------------------------|-------|----------|---------|----------------|
| Norsk Skieventyr AS | 50 | 0 | 1 | 5,00 % |
| VisitTelemark AS | 5 | 0 | 1 | |
| Stiftinga Norsk Landstadsenter | | 5 000 | 5 000 | 5,00 % |

Note 4 - Innbetalt selskapskapital

Fylgjande har innbetalt selskapskapital

| Namn | Innskott kapital |
|---|------------------|
| Vest - Telemark Museum, Eidsborg | 201 000 |
| Anne Grimdals Minne | 1 000 |
| Årdals Verk Gruver | 1 000 |
| Fyresdal Bygdemuseum | 1 000 |
| Kviteseid Bygdetun | 1 000 |
| Norsk Skieventyr | 1 000 |
| Øyfjell Bygdemuseum | 1 000 |
| Dyre Vaa Samlingane | 1 000 |
| Skinnarlandsamlinga | 1 000 |
| Vinje Biletgalleri | 1 000 |
| Mylarheimen | 1 000 |
| Vinjestoga | 1 000 |
| Totalt innbetalt selskapskapital | 212 000 |

Note 5 - Egenkapital

Stiftelsen opptjente egenkapital er splittet i annen egenkapital og fond for samlingar.

| | Grunnkap. | Fond for samlingar | Anna EK | Sum eigenkap |
|----------------------------------|----------------|--------------------|-------------------|-------------------|
| Pr. 31.12.2024 | 212 000 | 23 487 | 12 786 002 | 13 021 489 |
| Årets resultat | | 41 920 | 2 150 106 | 2 192 026 |
| Egenkapital pr 31.12.2025 | 212 000 | 65 407 | 14 936 108 | 15 213 515 |

Årets sal av gjenstander er tillagt fond for samlingar.

Fond for samlingar kan kun nyttast til innkjøp av nye objekter til samlingane. Oppset nedanfor viser bruk/ tilgang på fondet for 2025.

| | |
|-----------------------|--------|
| Fond for samlingar | |
| Per 31.12.2024 | 23 487 |
| Tillagt fondet i året | 61 920 |
| Årets bruk | 20 000 |
| Per 31.12.2025 | 65 407 |

Note 6 - Offentlege driftstilskot

| Namn | Tilskot | Tilskot |
|------------------------------------|---------------|-------------------|
| Det kongelige kulturdepartement | Driftstilskot | 8 565 000 |
| Vestfold og Telemark fylkeskommune | Driftstilskot | 4 192 033 |
| Tokke kommune | Driftstilskot | 1 471 662 |
| Fyresdal kommune | Driftstilskot | 175 923 |
| Kviteseid kommune | Driftstilskot | 593 730 |
| Vinje kommune | Driftstilskot | 1 226 742 |
| Seljord kommune | Driftstilskot | 134 495 |
| Sum | | 16 359 585 |



Revisorteam Tinn og Vest-Telemark AS

Statsautoriserte revisorer
Statsautoriserte regnskapsførere

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Til styret i Stiftinga Vest-Telemark Museum

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Stiftinga Vest-Telemark Museum som viser eit overskot på kr 2 150 106. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2025, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsregnskapet eit rettvisebilete av stiftelsen si finansielle stilling per 31. desember 2025, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med den internasjonale revisjonsstandarden for revisjon av rekneskap til mindre komplekse einingar (ISA for MKE). Våre oppgåver og plikter etter ISA for MKE er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av stiftelsen i samsvar med krava i lovar og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om informasjonen i årsmeldinga vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga er konsistent med årsrekneskapen og inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

GODKJENT REVISJONS- OG REGNSKAPSELSESKAP. MEDLEM AV DEN NORSKE REVISORFORENING.

Vinje: Åmotvegen 8, 3890 Vinje Tlf.: 35 06 27 00
Seljord: Brøløvsvegen 47, 3840 Seljord Tlf.: 35 06 27 10
Rjukan: Sam Eydes gt. 120, 3660 Rjukan Tlf.: 35 06 27 15

Org.nr.: 968 407 880
www.revisorteam.no



Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvissande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftelsen si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA for MKE, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgåver og plikter viser vi til

<https://revisorforeningen.no/om-revisjon/revisjonsberetning-revisors-oppgaver-og-plikter/>

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra over, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta og utdelingar er utført i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtektene for øvrig.

Seljord, 25. februar 2026

Revisorteam Tinn og Vest-Telemark AS


Kristine Midtbø Mo

Statsautorisert revisor